



Marius Åmbakk Bjørkedal <marius.ambakk.bjorkedal@schibsted.com>

Innsynskrav kommunikasjon

Marius Åmbakk Bjørkedal <marius.ambakk.bjorkedal@schibsted.com>

5 July 2023 at 08:43

To: post@austrheim.kommune.no

Hei!

Med dette ber eg med grunnlag i §9 i offentleglova om innsyn i all kommunikasjon mellom kommunen (då helst Per Lervøy og Asbjørn Nagell Toft) og Odd Haugen (som eig Odd Haugen Maskinstasjon) som gjeld deponiet i Leirvågskrysset, nær Mongstad, der jordblanda borekaks blir køyrt ut. Minner om at telefonloggar, sms-ar og e-postar også blir innfatta som offentleg etter offentleglova.

I Regjeringa sin rettleiar til Offentleglova heiter det at: "Opplysningar om økonomiske tilhøve knytte til næringsverksemda til enkeltpersonar fell normalt utanfor uttrykket personlege tilhøve." I tillegg er det uttrykkeleg klart at opplysningar som er rekna som personopplysningar etter personopplysingslova, i seg sjølv ikkje fører til at det er underlagt teieplikt etter forvaltingslova.

I tillegg til dette ber eg om innsyn i søknadar som gjeld deponiet, samt godkjenningar til deponering i området.

Om innsynkravet blir avslått vil eg minne om §31-2, som gir meg rett til ei nærare grunngjeving for avslaget.

Håper dette ikkje er alt for omfattande, då slik kommunikasjon skal lagrast. :)

--

Med venleg helsing,
Marius Åmbakk Bjørkedal
Journalist i Bergens Tidende
Tlf: 954 97 555